



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon  
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato  
05.10.2017  
Deres dato

Vår referanse  
2016/13010 421.53  
Deres referanse

Harald Pedersen  
Elsåsvegen 178  
5912 SEIM

### Tilsegn om tilleggsløyving- Lindås - Bygging av landbruksveg - Elsåsvegen - Harald Pedersen

Viser til Dykker søknad om tilskot til Elsåsvegen skogsveg klasse 4 datert 11/8-2016 og svar herfrå med delløyving av 26/6-2017.

**Vedtak:** Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om ytterlegare kr 507.000,- til Elsåsvegen skogsveg. Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 01.10. 2020.

#### **Vi gjør merksam på at:**

- Veglaget hadde i første omgang søkt om tilskot for 300 meter opprusting. Dette vart det gjeve tilsegn om kr 105.000.- i tilskot til. I etterkant er søknaden endra slik at vegen vert 850 meter, og det er gjord avtale med naboar om at dei kan kjøpe seg inn i vegen om - og når dei ønskjer. Det er også skrive avtale om kostnadsdeling og indeksregulering.
- Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på kr 1.200 .- for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskotsgrunnlag på kr 1.020.000.- der 100% er skog = kr 612.000.-
- Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.
- Veganleggget er med dette ferdig løyvd.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Det vert vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".
- Og til: «Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2016.

#### **Vilkår**

- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklassen det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.

- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir tilfredstillande forynga, slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.
- Veglaget skal leggje fram byggjeplan godkjent av kommunen før tilskot vert gjeve.
- Det skal ligge føre anbud og normalkontrakt for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Vegen skal godkjennast før grusing

### **Utbetalings**

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1/10-2020.
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamdrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganleggget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.

*Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.*

Med helsing

Dirk Kohlmann  
ass. landbruksdirektør

Terje Natland  
fylkesskogmeister

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ